



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 24/08340-1
Saksbehandler Emil Balstad

Utval
Formannskapet

Møtedato

Utvalsak

Forskrift om lovbestemt feiing og tilsyn av fyringsanlegg og om regulering av feie- og tilsynsgebyr, Vestnes kommune, Møre og Romsdal.

Kommunedirektøren si innstilling:

- Vestnes formannskap vedtek, med heimel i Forvaltningslova § 37 å sende forslag til lokal forskrift om lovbestemt feiing og tilsyn av fyringsanlegg, og om regulering av feie- og tilsynsgebyr i Vestnes kommune på høyring.
Høyringsperioden vert sett til 6 veker.

Saksopplysninger

Bakgrunn:

Forskrift om brannforebygging § 17 fastsett at det er kommunen sitt ansvar å sjå til at det blir gjennomført feiing i røykkanalar i fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming av byggverk. Det er også kommunen som skal syte for at det vert ført tilsyn med slike fyringsanlegg. Dette er eit sjølvkostområde, som er føresett finansiert gjennom gebyr.

Vurdering

Forslag til lokal forskrift om lovbestemt feiing og tilsyn av fyringsanlegg, og om regulering av feie- og tilsynsgebyr, Vestnes kommune er utarbeidd med heimel i kommunelova § 15-1, og i samsvar med Forskrift om brannførebygging § 17.

Både hyppigheita og gjennomføringa av tilsyn skal vere basert på risiko. Byggverket og bygningsmiljøets karakter, kvaliteten på fyringsanlegget og fyringsmønster kan vere eksempel på vurderingskriterier for risiko.

Forskrift om brannførebygging regulerer ikkje korleis eit eventuelt gebyr skal innkrevjast. Det er opp til kommunen i kva grad den ønskjer å ha same gebrysats for alle, eller om ein ønskjer å differensiere størrelsen avhengig av hyppigkeit, fyringsanlegg, bustadtype eller liknande. Kommunens samla gebyrinntekter kan berre dekke dei utgiftene kommunen har for å utføre tenesta – det såkalla sjølvkostprinsippet. Det er berre anledning til å krevje gebyr for gjennomføring av feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Fritak og klage

Kommunen kan etter søknad frå huseigar gje fritak frå feie- og tilsynsgebyr. Føresetnader for slik godkjenning er:

- Bygninga har ikkje installert fyringsanlegg med pipe/røykkanal
- Fyringsanlegget er fråkobra og pipa/røykkanalen er blenda
- Eldstaden er plombert

Vedlegg

Forslag til Forskrift om lovbestemt feiing og tilsyn av fyringsanlegg - Vestnes kommune, Møre og Romsdal.

Veiledning til forskrift om brannforebygging

Særutskrift: